



DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Se vedlagte adresseliste

Deres ref
07/04006

Vår ref
08/00087-3

Dato
15 AUG 2008

Salar Smolt AS (no Salar Bruk AS etter namneendring) - tolking av konsesjonsvilkår

Departementet syner til brev frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag dagsett 6. juni 2007 med oppfølgjande brev dagsett 7. januar og 7. april 2008.

NVE har handsama klaga i brev dagsett 7. desember 2007 til departementet og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket sitt.

I brev dagsett 10. mars 2008 har advokatfirmaet Rasmussen & Broch v/advokat Sundbotten kommentert saka på vegne av Salar Bruk AS.

1. Bakgrunn

Den 7. september 2001 ga NVE Rylandsvåg Drift AS, seinare Salar Smolt AS, no Salar Bruk AS, løyve til regulering og uttak av vatn i Rylandsvassdraget for det føremål å drive settefiskanlegg.

Den 18. mars 2005 ga NVE godkjenning til detaljplanane for gjennomføringa av tiltaket.

Rylandsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 2005.

2. Klaga

Midtre Holsnøy Grunneigarlag har påklaga dei utførde tiltaka i vassdraget og meiner dei ikkje er utført i samsvar med løyvet. Til støtte for dette har laget følgjande merknader: Av løyvet følgjer det at vassleidningen skal gravast eller sprengjast ned i elvebotn slik at ho ikkje vert synleg. Vassleidningen ligg i dag oppå botn. Fleire stader er avstanden til vassflata ikkje meir enn ein halv meter. Leidningen er godt synleg og er til hinder for fiske og rekreasjonsføremål.

3. Departementet sine merknader

Departementet skal ta stilling til om dei utførde tiltaka i vassdraget er innanfor ramma av løyvet og godkjend detaljplan.

Løyvet set ei ramme for tiltaket. Dersom tiltakshavar ønskjer å gjennomføre tiltak i strid med løyvet, må han fremje ein planendringssøknad til NVE. Gjennom planendring kan det gjerast endringar i tidlegare konsesjonsvilkår.

I vedlegget til løyvet dagsett 7. september 2001, *bakgrunn for vedtak*, heiter det under NVEs vurderingar at *"det er dessutan satt krav om at leidninga skal gravast ned/sprengjast ned slik at ho ikkje vert synleg for ålmenta."*

Vidare heitar det i kommentarane til vilkåra post 1 i pkt. 8), slik det går fram av Bakgrunn for vedtak frå NVE, at *"Leidninga skal sprengjast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg."*

I vurderinga av kva som kan godkjennast i ein detaljplan er det eit viktig omsyn at løyvet er det sentrale dokumentet for ålmenta. Dersom ikkje detaljplanen er innanfor ramma av konsesjonsvedtaket, mister løyvet ein viktig funksjon som kjelde for ålmenn informasjon om det planlagde tiltaket.

Departementet viser i den samanheng til uttalen til Meland kommune til konsesjonssøknaden, og påfølgjande merknader om korleis tiltaket er utført.


Departementet finn at vilkåret om nedgraving av vassleidningen er satt for å sikre at røret ikkje vert synleg. Det er mogeleg at føremålet med nedgravinga i nokon grad kunne ivaretakast ved ei nedsenking av vassleidningen. Med bakgrunn i den klare føresetnaden i vilkåra om at leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveløpet, finn departementet likevel ikkje å kunne tolke løyvet slik at ei nedsenking under vatn oppfyller vilkåra i løyvet på dette punktet. Departementet legg på same tid til grunn at ytterlegare tiltak ikkje må føre til andre monalege skader eller ulemper i vassdraget.

4. Konklusjon

Den vidare oppfølginga av saka må handsamast av NVE med sikte på å finne ei løysing innanfor løyvet som tek vare på omsynet til ålmenta og tiltakshavar ut frå tilhøva i vassdraget no.

Departementet kjem tilbake til klagen frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag etter at saka er handsama ferdig av NVE. NVE er orientert ved kopi av dette brevet.

Med helsing



Per-Håkon Høisveen (e.f.)
ekspedisjonssjef



Ove Flataker
avdelingsdirektør

Kopi:
NVE/m retur av sakspapira
Salar Bruk AS
Meland kommune
Advokatfirmaet RASMUSSEN & BROCH

Adresseliste

Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget; v/Lars Skintveit; 5917 Rossland;


Midtre Holsnøy Grunneigarlag; v/Bjarte Skintveit; Steinberget; 5917 Rossland;



OLJE- OG ENERGI-DEPARTEMENTET

Postboks 8148 Dep, NO-0033 Oslo, Norway

A
PAR AVION
PRIORITAIRE



NORGE
P.P.

Middve Holsnøy Grunneigarlag
v/ Bjarte Steindvik
Steinberget
5917 Rosslund